



TUSSA

Rapport etter openheitslova 2024



Rapport etter openheitslova 2024

Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (openheitslova) har som føremål å fremje verksemder sin respekt for grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold.

Tussa gjennomfører aktsemdsvurderingar i samsvar med openheitslova. Denne rapporten gjer greie for arbeidet vi har gjort for å redusere negative konsekvensar av aktivitetane våre, og aktivitetane til leverandørane og samarbeidspartnarane våre, i høve til grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold. Rapporten er signert av styra i Tussa Kraft, Tussa Energi, Tussa Installasjon og Tussa IKT.

Kontaktinformasjon

Spørsmål om rapporten kan rettast til:

Berekraftsansvarleg i Tussa

Bodil Jåtun Molvik:

Bodil.Molvik@tussa.no

Rapporteringsplikt


Tussa har hovudkontor i Langemyra 6, 6160 Hovdebygda i Noreg.

Tussa hadde samla driftsinntekter i rekneskapsåret 2024 på 891,3 mill. kr, og ein balansesum på 3 582 mill. kr. Tussa hadde 240 faste tilsette i 100 % eigde selskap pr. 31.12.2024. Inkludert vikarar, engasjementstillingar og lærlingar hadde konsernet 277 tilsette i 2024. Tussa er difor rapporteringspliktig.



Om Tussa

Organisering og driftsområde



Tussa er organisert som konsern med morselskapet Tussa Kraft som 100 % eigar av dotterselskapa Tussa Energi, Sunnmøre Energi, Tussa IKT og Tussa Installasjon. I tillegg til dei 100 % eigde selskapa har Tussa strategiske og industrielle eigarpostar i Linja med 32,9 %, i Istad med 36 %, i Wattn med 21,9 % og Eviny Solutions med 9,9 %.

Denne utgreiinga gjeld for Tussa Kraft og dei heileigde dotterselskapa Tussa IKT, Tussa Energi, Sunnmøre Energi og Tussa Installasjon. I rapporten er desse selskapa omtala som Tussa.

Tussa sin visjon er å skape framtidretta og miljøvennlege løysingar. Tussa produserer fornybar energi, byggjer og driftar digital infrastruktur, tilbyr IT-tenester frå eige datasenter og er ein stor elektroentreprenør. Produkta vert leverte primært til privatkundar og bedrifter på Nord-Vestlandet, men også nasjonalt.

Kraftproduksjon:

Tussa har 28 heileigde og er deleigar i eitt vasskraftverk. Kraftverka er lokaliserte på Nord-Vestlandet, og har ein samla gjennomsnittleg produksjonskapasitet på om lag 814 GWh i året. I tillegg til vasskraftproduksjon har Tussa eit biobrenselanlegg. Tussa er aktør på den nordiske kraftbørsen NordPool.

Kommunikasjon:

Tussa produserer og sel internett, trådløst nett og TV/strøymetenester. Breibandsnettet dekkjer søre Sunnmøre, Stryn, Stranda og delar av Sykkylven, og vi byggjer ut fiber til hushaldningar og bedrifter.

IT:


Tussa leverer IT-tenester til næringslivet. Vi tilbyr skyløysingar, konsulenttenester og handelsvarer, og har eit energieffektivt og moderne datasenter. Hovudtyngda av kundane er på Nord-Vestlandet, men vi har også kundar som er lokaliserte andre stader i Noreg.

Installasjon:

Tussa leverer tenester innan dei fleste elektrotekniske fagområda som sterkstraum, svakstraum, automasjon, tele og data. Det vert levert tenester til privatpersonar, industri og næringsverksemdar på Nord-Vestlandet.

Aktsemdvurderingar

Tussa nyttar OECD sin modell som grunnlag for aktsemdvurderingane jamfør openheitslova §5.



Kjelde: OECD

Trinn 1: Forankre ansvarskjensle

Interne retningslinjer og politikk

Tussa har rutinar og etiske retningslinjer som gjeld menneskerettar og sømelege arbeidsforhold, som gjeld for eigne tilsette og tilsette i verdikjeda. Retningslinjene vert reviderte kvart år, sist av konsernleiinga i Tussa 14. januar 2025.

Det er utarbeidd eigne retningslinjer for innkjøp som skildrar ansvarleg innkjøpspraksis for kvart av selskapa. Desse retningslinjene vert godkjent av styra i dei ulike selskapa. Kvart selskap har ulike risikoar i verdikjeda si, sjå kapittelet om aktsemdvurdering.

Dei etiske retningslinjene er kommuniserte til medarbeidarane, og relevante stillingar som til dømes innkjøpsansvarleg, har fått kompetanseheving. Informasjonen ligg tilgjengeleg på for alle medarbeidarar på intranett og for ålmenta på tussa.no.

Strategi og handlingsplan

Tussa sin strategi for berekraftsarbeidet er delt i tre hovudområde:

1. Stoppe klimaendringane
2. Sikre biologisk mangfald og økosystem
3. Ivareta menneskerettar

Det vert utarbeidd handlingsplanar for kvart av selskapa med SMARTe mål, dvs. mål som er spesifikke, målbare, oppnåelege, realistiske og tidsbaserte.

Forventningar og krav til leverandørar

Nasjonale lovar og reglar

Leverandøren skal operere etter Tussa sine etiske retningslinjer, internasjonalt kjende konvensjonar og nasjonale lovar i heimlandet sitt, i tillegg til norske lover når leverandøren operer i Noreg. I tilfelle der nasjonale lovar og reguleringar eller internasjonalt kjende konvensjonar har same innhald som dei etiske retningslinjene, skal dei strengaste krava gjelde.

Tussa ventar at leverandøren arbeider for å nå FN sine berekraftmål, og bidreg til å redusere utslepp av klimagassar.

Underleverandørar

Dersom leverandøren nyttar underleverandørar, pliktar leverandøren å sikre at dei etiske retningslinjene vert vidareførte gjennom heile kontraktskjeda. Leverandøren skal kunne dokumentere korleis dette vert etterlevd.

Etiske retningslinjer

Leverandøren har plikt til å etterleve krava i dei etiske retningslinjene i eiga verksemd. I tillegg skal han sørge for at underleverandørar som bidreg i gjennomføringa av kontrakten, også følgjer dei same retningslinjene. Tussa kan krevje dokumentasjon på etterleving både frå leverandøren og underleverandørane.

Dette kan mellom anna omfatte:

1. Eigenerklæring frå leverandøren
2. Oppfølgingssamtalar
3. Kontroll av arbeidsforhold, utført av leverandøren sjølv eller av ein uavhengig tredjepart, på stader der det vert utført produksjon eller arbeid knytt til kontrakten

Det skal setjast ein rimeleg frist for når dokumentasjon på etterleving skal leggjast fram. Leverandøren kan velje å dokumentere oppfølginga av krava gjennom sertifisering av verksemda, så lenge krava er godkjende av Tussa.

Tussa har rett til å gjennomføre både varsla og uvarsla kontrollar på stader der det vert utført produksjon eller arbeid hos leverandøren og/eller underleverandørar. Ved slik kontroll pliktar leverandøren å gi opplysningar om namn og kontaktinformasjon til relevante underleverandørar. Desse opplysningane vert behandla konfidensielt.

Menneskerettar

Leverandøren skal respektere og sikre at dei ikkje medverkar til brot på internasjonalt kjende menneskerettar. Verksemda skal drivast i samsvar med Den europeiske menneskerettskonvensjon og FN sine prinsipp for menneskerettar.

Miljø og klima

Leverandøren skal følgje sentrale nasjonale og internasjonale miljøstandardar. Leverandøren skal praktisere kontinuerleg forbetningsarbeid innan miljø og arbeide for å redusere miljørisiko og andre miljø- og klimautfordringar. I tillegg skal leverandøren fremje ein ansvarleg miljøpolitikk, medverke til utvikling og bruk av miljøvenleg teknologi, minimere utsleppa sine og bidra til miljø- og klimasatsing med aktivitetane sine.

1. Redusere miljøpåverknaden

Negativ miljøpåverknad skal reduserast i heile verdikjeda. I tråd med føre-var-prinsippet skal det setjast i verk tiltak for kontinuerleg å minimere utslepp av klimagassar og lokal forureining, og redusere bruken av skadelege kjemikaliar, sprøytemiddel. Det skal også leggjast til rette for berekraftig uttak av ressursar og ansvarleg forvaltning av vatn, hav, skog og land, i tillegg til å bevare biologisk mangfald.

2. Arbeid skal utførast i tråd med miljølovverk

Arbeid skal gjennomførast i samsvar med gjeldande nasjonale og internasjonale miljølover- og reguleringar, og alle naudsynte løyve skal hentast inn og etterlevast.

3. Forsvarleg bruk av naturressursar

Produksjon og uttak av råvarer til produksjon skal ikkje øydeleggje ressurs- og inntektsgrunnlag, til dømes ved å leggje band på store landareal eller andre naturressursar som høyrer til urfolk eller marginaliserte folkegrupper.

Minimumskrav til leverandørar

Før vi inngår avtale, skal leverandøren vere pre-kvalifisert etter retningslinjene våre. Prekvalifiseringa tek utgangspunkt i kva som er viktig for den aktuelle tenesta eller produktet, og kva risiko som er knytt til dette. Ein poengskala viser kor godt leverandøren oppfyller krava. Verktøyet vi brukar, gjer ei vurdering av risiko basert på kjende og pålitelege kjelder. Vi gjennomfører også årlege revisjonar av leverandørar, for å sikre at dei følgjer avtalane.



Trinn 2: Kartleggje og vurdere negativ påverknad

Kartlegginga skal identifisere kvar verksemda kan ha, eller allereie har, negativ påverknad eller skade på menneske, dyr, samfunn og miljø. Dette gjeld både i leverandørkjeder og i forretningsdrift.

Kartlegging på leverandørnivå

Kartlegging av risiko startar med å få oversikt over bransje, produkt og leverandørkjede, så langt ned i kjeda som mogleg. For å vurdere risiko, må vi vite kvar varer og innsatsfaktorar kjem frå, også ved handel gjennom mellomledd.

Vi brukar eit digitalt verktøy som vurderer risiko ut frå land og bransje, og brukar i tillegg kunstig intelligens for å avdekkje om det har vore negative medieoppslag om leverandøren. Det er meir krevjande å vurdere risiko hos underleverandørar, til dømes ved råvareutvinning. Difor kartlegg vi også risiko basert på produkta og innsatsfaktorane deira. Risiko kan likevel ikkje fjernast heilt.

Vi har dialog med leverandørar av risikoprodukt, har motteke dokumentasjon og vurderer fysiske revisjonar. Vi prioriterer grundig kartlegging der risiko og volum er høgast, ikkje fordi andre risikoar er uviktige, men fordi påverknaden vår er størst der.

Leverandørane svarar på eit spørjeskjema og deltek i munnleg og skrifteleg dialog. Vi hentar også informasjon frå nettsidene deira og opne kjelder som Global Slavery Index, Global Rights Index, ILO, Animal Protection Index, CSR Risk Checker, ITUC med fleire.

Prioritering av vesentleg risiko og metodikk

Vi vurderer risikoen for at aktivitetane våre kan ha negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold. Vi nyttar eit digitalt verktøy levert av Morescope, som gir oss oversikt over førsteleddsleverandørar og samarbeidspartnarar. Deretter gjer vi innleiande risikovurderingar.

1. Vi opprettar ei oversikt over Tussa sine førsteleddsleverandørar og samarbeidspartnarar. Nye leverandørar inngår vi avtalar med etter vesentlegprinsippet.
2. Leverandørinformasjonen blir utvida gjennom ei prekvalifisering i systemet, basert på leverandøren sitt land og bransje, og faktasjekk ved hjelp av kunstig intelligens.
3. Ved hjelp av punkt 1 og 2 får vi oversikt over førsteleddsleverandørar og samarbeidspartnarar med tilhøyrande leverandørinformasjon.
4. Risikoevalueringsverktøyet i plattforma gir ei første vurdering basert på geografi og bransje, klassifisert som høg, medium eller låg. Deretter gjer vi ei grundigare vurdering basert på dialog med leverandøren, erfaringar, dokumentasjon på eigen nettstad og annan relevant informasjon.
5. Vi sender spørjeskjema til leverandørane for å hente inn informasjon og be om signering av dei etiske retningslinjene våre. Her legg vi vekt på vesentlegprinsippet, til dømes volum på innkjøp frå leverandøren, der grensa går på 50 000 kroner. Plattforma vert også brukt til å hente inn dokumentasjon og informasjon om relevante sertifiseringar.
6. Basert på funna i punkt 4 og 5 vurderer vi kva tiltak vi skal setje i verk for å undersøkje mogelege negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold. Vi vil setje i verk tiltak der grada av alvor og sannsynet for skade er størst, og vi har stor påverknadskraft for ei positiv utvikling. Sjå Trinn 3.

Tussa har identifisert og prioritert desse negative risikoane:


Produkt, innsatsfaktor eller type leverandør	Selskap dette gjeld	Prioritert negativ påverknad/skade	Geografi
Ulike mineral definerte som konfliktmineral*	Tussa Installasjon Tussa IKT Tussa Energi	Risiko for moderne tvangsarbeid. Risiko for manglande høve til fagorganisering og kollektive forhandlingar. Risiko for barnearbeid. Risiko for kopling til væpna konflikhtar. Risiko for korrupsjon. Risiko for kvitvasking.	Kina, Russland, Kongo med fleire. Sjå kart.
Solceller (produksjon og råmateriale)	Tussa Installasjon	Risiko for moderne tvangsarbeid. Risiko for manglande høve til fagorganisering og kollektive forhandlingar. Risiko for barnearbeid.	Kina (særleg Xinjiang provinsen), Kongo og Israel (busetjingar)
Entreprenørar (bygg og anlegg) og innleigde arbeidarar	Tussa Energi Tussa Installasjon Tussa IKT	Risiko for brot på helse, miljø og sikkerheit. Risiko for brot på arbeidstidsreglement. Risiko for korrupsjon.	Norge, innleige frå andre land, t.d. Polen
Arbeidsklede (særleg bomull og kjemikaliar)	Tussa Energi Tussa Installasjon	Risiko for skadelege kjemikaliar i klede og andre komponentar. Risiko for bomullsprodukt frå konfliktfylte område. Risiko for brot mot marginaliserte folkegrupper.	Kina, Kambodsja, Vietnam, Laos
Olje til bruk i produksjon av plastkomponentar	Tussa IKT Tussa Installasjon	Risiko for tilknytning til væpna konflikhtar. Risiko for korrupsjon. Risiko sanksjonerte land	Russland, Kina, Iran, Qatar

*Konfliktmineral: I politisk ustabile land kan handel med mineral og metall ofte vere knytt til væpna konflikhtar, brot på menneskerettar, korrupsjon, kvitvasking av pengar og miljøydeleggingar. Desse minerala vert gjerne kalla konfliktmineral, og gjeld særleg tinn, wolfram, tantal og gull (også kjent som 3TG).

Konfliktmineral

Overgangen til berekraftige energikjelder og aukande global middelklasse har auka etterspurnaden etter konfliktmineral. Desse minerala er heilt grunnleggjande for produksjonen av til dømes elektriske køyretøy, solcellepanel og vindturbinar, som er produkt som er avgjerande for å gjennomføre det grønne skiftet. Auka etterspurnad forsterkar presset på utvinninga av desse minerala, og med det risikoen for brot på menneskerettar. Det er difor naudsynt med ein styrka innsats for å sikre ansvarlege og etiske leverandørkjeder.

Konfliktmineral i globale leverandørkjeder kan verte nytta i vanlege produkt som mobiltelefonar, datamaskiner, smykke og andre varer, utan at det vert tydeleg merka. Minerala vert handla på råvarebørsar, bytast mellom bankar, og er attraktive for investorar verda over. Det er svært vanskeleg å spore, og nesten uråd for fobrukarar og investorar å vite om kjøp eller investeringar inneheld konfliktmineral.



Kjelde: IISD

Kartet viser kvar i verda konfliktmineral vert henta ut. Dei ulike fargane markerer ulike typer konfliktmineral.

Kina utgjør ein større del av verdikjeda til Tussa, trass i at vi ikkje har førsteleddsleverandørar eller forretningskontaktar i landet. Dette gjeld på mange område: utvinning av råstoff, dyrking av bomull, framstilling av metall og stål, produksjon av mange ulike elektriske komponentar, IKT-utstyr, solceller, batteri, med meir.

Når det gjeld menneskerettar og arbeidsrettar er det ulike utfordringar i Kina, mellom dei statleg tvangsarbeid og diskriminering av marginaliserte folkegrupper. International Trade Union Confederation (ITUC) plasserer Kina i kategori fem på ITUC Global Rights Index frå 2024. Her vert land plasserte på ein skala frå ein til fem, der kategori fem tyder at arbeidstakarar i Kina ikkje har arbeidstakarrettar. Kina er også plassert på raudelista over landa i verda der det er verst å vere arbeidar.

Trinn 3: Tiltak for å stoppe, førebyggje eller redusere negativ påverknad

For å stoppe, førebyggje eller redusere negativ påverknad, må vi setje i verk tiltak basert på det vi har funne i kartlegginga. Vi prioriterer det som har størst negativ påverknad på menneske, samfunn eller miljø. Tussa vil bruke den innverknaden vi har til å stoppe, førebyggje og redusere negativ påverknad.

Ansvarleg innkjøpspraksis

Ansvarlege innkjøp skal sikre berekraft i innkjøpa våre. Dette er ein vesentleg del av aktsemdvurderingane og er eit effektivt verktøy for å førebyggje mogleg eller faktisk negativ påverknad i leverandørkjedene våre.

Gjennom ansvarlege innkjøp vil vi samarbeide med og støtte leverandørane våre. Målet er å sikre sømelege arbeidsforhold og ta vare på klima og miljø.

Dette vil vi gjere ved å:

1. Jobbe for at innkjøpspraksisen vår gjer det lettare for leverandørane å oppfylle krava våre til berekraft
2. Kommunisere med leverandørane våre med respekt og forståing
3. Støtte leverandørane våre i arbeidet med å følgje dei etiske retningslinjene våre
4. Sikre at avtaleverket og kontraktsvilkåra våre støttar opp om leverandørane sitt berekraftsarbeid
5. Sikre at innkjøpsstrategiar følgjer opp berekraftsstrategien vår



Tiltak mot prioriterte risikoområde

Risikoområde	Overordna mål	Status	Faktiske og forventa resultat, mål og aktivitetar
Konfliktmineral	Mål 2030: Produkta våre skal innehalde konfliktfrie mineral	Vi ber om informasjon om sporing og korleis leverandørane jobbar for å unngå konfliktmineral i produkta sine. Arbeidet er i gang og nokre leverandørar har dokumentert kolleis dei jobbar i verdikjeda. Eit døme er Eaton: Responsible sourcing of conflict minerals	Dette er eit langsiktig og omfattande arbeid, fordi vi må sjå langt ned i verdikjeda. Ingen av leverandørane våre kan i dag garantere at produkta deira er 100 prosent frie for konfliktmineral.
Solcellepanel	Solcellepanela våre skal vere produserte utan bruk av tvangsarbeid og barnarbeid. Arbeidstakarar skal ha gode arbeidsforhold og leveløn.	Dialog og innhenting av dokumentasjon frå SolarNorge AS. Leverandøren arbeider godt med dette, og har god sporing i verdikjeda si. Dei er medlem av Etisk Handel Norge, Science Based Targets Initiativ og UN Global Compact. Dei har også signert Tussa sine etiske retningslinjer. Leverandøren si nettside om berekraft: https://www.solarnorge.no/om-solar/samfunnsansvar/	Tiltak og resultat er tilfredsstillande, og vi ser på målet som nådd.
Entreprenørar og innleigd arbeidskraft	Hos entreprenørar og innleigd arbeidskraft skal det ikkje skje brot på arbeidsrettar, HMS-reglar eller sosial dumping. Det gjeld også for underleverandørane til entreprenørane.	For å få entreprenørar til å dokumentere godt, og prioritere sosiale forhold og miljø, legg vi frå 1. januar 2025 større vekt på klima og berekraft. Denne vekta aukar frå 10 til 30 prosent i alle nye anbod vi sender ut. Klimarekneskap og HMS-attest er også viktige kriterium. Alle skal signere etiske retningslinjer og forplikte seg til å følgje dei. Dette gjeld også for innleigde selskap. I tillegg kan vi be om meir dokumentasjon, til dømes lønsslippar, arbeidsavtaler, kome på uventa besøk osv.	Vi forventar at tiltaka vil hjelpe entreprenørane våre til å prioritere og forbetre seg på områda. Framover planlegg vi fleire tiltak, som til dømes utsleppsfrie byggjeplassar. Vi vil halde fram med dette arbeidet i 2025 og åra som kjem.

Risikoområde	Overordna mål	Status	Faktiske og forventa resultat, mål og aktivitetar
Arbeidsklede	Ingen brot på rettane til arbeidarane i verdikjeda, som tvangsarbeid, barnarbeid e.l. hos leverandøren vår av arbeidsklede.	<p>Tussa nyttar hovudsakleg leverandøren Mascot Workwear, gjennom Tess. Gjennom dialog og intervju har leverandøren forklart korleis dei jobbar med miljø og sosiale forhold.</p> <p>Mascot er sertifisert etter SA8000-standarden på sine egne fabrikkar i Vietnam og Laos. Det betyr at fabrikkane garanterer eit trygt og sikkert arbeidsmiljø for arbeidarane sine. Dei nyttar ikkje bomull frå konfliktområde, då spesielt frå Xinjiang-provinsen i Kina, som er knytt til tvangsarbeid. Nokre av produkta inneheld likevel bomull frå Kina. Alle produkt vi kjøper har Øko-Tex 100-sertifisering, og leverandøren testar jamleg for å sikre at det ikkje er skadelege kjemikalier i produkta.</p> <p>Mascot legg stor vekt på livsyklusanalyse (LCA) på produktnivå. For å sikre god sporing i leverandørkjeda, inviterer dei til fysisk kontroll på kva som helst av eigedomane sine, når vi ønskjer det.</p> <p>Les meir om Mascot sitt arbeid med miljø og sosiale forhold: https://www.mascotworkwear.no/no/sosialt-ansvar</p>	Ha ein god gjennomgang av leverandørar som viser til tilfredsstillande dokumentasjon på godt arbeid. Vi skal halde fram dialogen, og om mogleg gjennomføre eit kundebesøk i 2025 eller 2026.
Olje til bruk i plastkomponentar	Det skal ikkje brukast olje frå konfliktområde eller land med sanksjonar i produkta våre.	I dag har leverandørane våre og vi lite oversikt, men leverandørane er medvitne utfordringa. Fleire har starta arbeidet.	Vi jobbar vidare med målet i komande rapporteringsår og i åra som kjem.

Opplæring og kompetanseheving i leverandørkjeda

Tussa er oppteken av utvikling, samarbeid og å styrke kompetansen saman med leverandørane våre. Gjennom felles læring og forståing kan vi verte betre. Det er viktig at vi tek ansvar, går føre og stiller tydelege krav i prosjekta våre.

Samtidig veit vi at vi ikkje alltid har dei beste svara, og vi ønskjer å høyre kva løysingar leverandørane kan bidra med. Difor er open og god dialog viktig, slik at vi kan lære av kvarandre. Vi vil vurdere eit program for kompetanseheving i leverandørkjeda, dersom forholda tilseier det.



Trinn 4: Overvaking av gjennomføringa og resultatet

Berekraftsansvarleg følgjer opp og vurderer korleis berekraftstiltaka våre verkar for å redusere negative konsekvensar for menneske, miljø og samfunn. Vi samlar inn data frå leverandørar mellom anna gjennom testrapportar, møte, varslingskanalar og ved å delta på kurs og seminar i regi av Etisk Handel Norge, Forbrukartilsynet, Fornybar Norge og andre.

Arbeidet vert rapportert til leiargruppene i dei ulike selskapa i Tussa, konsernleiargruppa, administrerande direktørar og styret i Tussa Kraft. Tiltak vert jamleg lagt fram for leiargruppene, som saman med administrerande direktør har ansvar for å vurdere effekten og planleggje vidare arbeid.

Trinn 5: Kommunikasjon om korleis påverknaden vert handtert

Ved handtering av negativ påverknad eller skade, vurderer vi alvor, omfang og kor stor påverknad vi kan ha. Ut frå situasjonen legg vi opp ein prosess der dei involverte partane deltek, for å førebyggje, forhindre eller rette opp skade. Kommunikasjonen vert tilpassa situasjonen, i samråd med dei det gjeld.

Vi legg ut ei offentleg fråsegn som viser korleis vi jobbar med aktsemdvurderingar, og korleis vi kartlegg og handterer negativ påverknad og skade. Denne informasjonen deler vi med ulike interessentar, spesielt til kundane våre. Fråsegna vert oppdatert årleg innan 30. juni, i tråd med krava i openheitslova.

Informasjonen ligg lett tilgjengeleg på nettstaden vår, og den som ønskjer meir informasjon kan ta kontakt med berekraftsansvarleg i Tussa. <https://www.tussa.no/om-tussa/ansvar>

Trinn 6: Utbetring og erstatning

Vi skal sørgje for, eller samarbeide om, å utbetre og erstatte der det er naudsynt. Retningslinjene for utbetring er ein del av Tussa sin overordna politikk for berekraftig forretningspraksis.

Retningslinjene seier:

«Der aktivitetane våre fører til eller medverkar til negativ påverknad på menneske, samfunn eller miljø, skal vi stanse aktiviteten og søkje å utbetre skaden».

Dersom ein leverandør er ansvarleg for den negative påverknaden eller skaden, er det også leverandøren som har ansvar for utbetringa. For å sikre at utbetringa er i tråd med krava og retningslinjene våre, følgjer vi opp leverandørane og tilbyr støtte undervegs i prosessen. Vi er ikkje kjend med at det har vore hendingar med behov for utbetring i 2024.

Sikre tilgang til varslingskanalar

Dersom medarbeidarar, leverandørar eller samarbeidspartnarar registrerer brot på retningslinjene, har Tussa følgjande varslingskanalar:

Medarbeidarar

Ved mistanke om brot på Tussa sine etiske retningslinjer skal medarbeidarar varsle til næraste overordna eller verneombod. Om ikkje næraste overordna tek tak i saka på ein tilfredsstillande måte, skal andre varslast på same eller høgare nivå i organisasjonen. Brot på Tussa sine etiske retningslinjer kan få konsekvensar for tilsetjingsforholdet, og i grove tilfelle føre til oppseiing.

Eksterne varslar

Eksterne varslar kan sendast til firmapost@tussa.no.

Leverandørar skal varsle Tussa ved brot eller mistanke om brot på vilkåra, enten det gjeld i Tussa, i eiga verksemd, hos underleverandørar eller andre i leverandøren si verdikjede.

Brot på vilkåra vert sett på som misleghald av avtalen mellom leverandøren og Tussa. Leverandøren skal rette misleghaldet innan ein frist og på ein måte som er avtalt mellom leverandøren og Tussa. Gjentekne brot på etiske retningslinjer for leverandørar vert sett på som vesentleg misleghald av leverandøravtalen.

Kjelder for Tussa sine aktsemdvurderingar:

<https://www.iisd.org/story/green-conflict-minerals/>

https://anskaffelser.no/sites/default/files/riskanalyser_pa_byggmaterial_och_produkter_for_oslo_kommune_2017_003.pdf

https://anskaffelser.no/sites/default/files/risikovurdering_for_brudd_pa_menneskerettigheter_ved_utvinning_av_konfliktmineraler_swedwatch_2020.pdf

<https://mneguidelines.oecd.org/Practical-actions-for-worst-forms-of-child-labour-mining-sector.pdf>

www.globalrightsindex.org

[ILO Homepage | International Labour Organization](http://ilo.org/)

<https://www.iisd.org/story/green-conflict-minerals/>

https://anskaffelser.no/sites/default/files/riskanalyser_pa_byggmaterial_och_produkter_for_oslo_kommune_2017_003.pdf

https://anskaffelser.no/sites/default/files/risikovurdering_for_brudd_pa_menneskerettigheter_ved_utvinning_av_konfliktmineraler_swedwatch_2020.pdf

<https://mneguidelines.oecd.org/Practical-actions-for-worst-forms-of-child-labour-mining-sector.pdf>

https://files.nettsteder.regjeringen.no/wpuploads01/blogs.dir/263/files/2019/09/201904_OECD_DDveileder_nettil.pdf

https://www.ituc-csi.org/IMG/pdf/2024_ituc_global_rights_index_en.pdf?31226/ce28bb2139c2fe0d4e5f0a36d726ac7334d1c2d9be8b29dd88b4d2b9d89f5654

<https://etiskhandel.no/>

<https://www.forbrukertilsynet.no/>